



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Den 18.10.2012

NVE-konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

nve@nve.no

Konsesjonssøknad om Trolleholselva kraftverk i Høyanger – fråsegn

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er klar over at høyringsfristen er ute. Det vart ikkje mogeleg å halde den. Sidan vi såg at Høyanger kommune har fått utsett frist til 19.10., tek vi sjansen på at også vår fråsegn kan bli vurdert som ein del av grunnlaget for vurdering av saka. Vi har desse merknadene til søknaden:

1. Stølsheimen landskapsvernområde er omringa av kraftutbyggingar i aust, sør og vest. Berre ein liten del av dei store fjellstroka som har fått namnet Stølsheimen, er utan større, tekniske inngrep. Naturen i det verna området er utan tvil kvalifisert til status som nasjonalpark, men den kategorien var ikkje mogeleg på grunn av kravet i den tidlegare naturvernlova om statsgrunn i nasjonalparker. Området er eit vakkert og særprega fjell- og fjordlandskap med naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep.

I landskapsvernområdet er det etter verneføresegna forbod mot "alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter". Det er lista opp ei rekkje døme på slike inngrep, mellom anna vassdragsreguleringar. Vi er klar over at vernereglane formelt sett gjeld berre innanfor grensene for landskapsvernområdet. Men når det planlagde inngrepet er plassert heilt i grensa, har vi bokstaveleg tala å gjere med eit grensetilfelle. Vi vil hevde at eit inngrep som er forbode innanfor grensa, bør det heller ikkje vere mogeleg å få løyve til når

det ligg i eller nokre få meter frå grensestreken. Hadde inntaka vore der før landskapsvernet vart vedteke, ville grensa vore trekt eit godt stykke lenger opp i dalen. Også det næraste landskapet utanfor streken på kartet, skal vere upåverka av slikt som vesentleg endrar landskapets art eller karakter. Det har lenge vore oppslutning om det synet at når natur er verna på grunn av særeigne kvalitetar, må omsyn til desse kvalitetane også gjelde i randområda rundt det arealet som formelt er verna.

Storedalen er ein mykje brukt inngang til Stølsheimen og hyttenettet der. Utbygginga vil komme som eit forstyrrande inngrep langt sør i dalen, som her ligg mellom høge og bratte fjell, ein dal med stor opplevingsverdi. Mange som går på tur, er ute etter landskap utan installasjonar som gjer terrenget til ein del av den teknisk overmanna naturen. Slike inngrep pregar svært mange av inngangane til Stølsheimen. I Storedalen vil kraftverket snevre inn det lite forstyrta området vesentleg, ein effekt som blir forsterka av at det ligg så nær det inngrepsfrie landskapsvernområdet. På ein slik stad vil den negative verknaden større enn om kraftverket hadde lege nede i dalen, nær busettinga i Ortnevik.

Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske (Verneføreseigna av 21.12.1990, kap. III). Vern er i seg sjølv eit vitnemål om store verdier.

I dette tilfellet er ikkje grensa for landskapsvernområdet eit klart skilje mellom store verdier innanfor og vesentleg mindre utanfor. Heller ikkje for opplevinga av landskapet gjeld noko slik kvalitetsgrense. At den formelle statusen er ulik på kvar side av grensa inneber ikkje at dei reelle omsyna til naturen bør vere mindre utanfor det verna arealet.

Etter vår oppfatning er plasseringa av inntaka så nær det verna fjellområdet eit tungt argument mot å gje løyve til kraftverket det er søkt om. Vi hevdar plasseringa er i strid med vernereglane.

Dette argumentet får større tyngde av dei tapte opplevingsverdiane. Vi er usamde i at kraftverket vil ha små negative konsekvensar etter utbygging. I ein mykje brukt inngang til Stølsheimen, som frå før er omringa av kraftutbygging, bør vurderinga i det minste vere 'middels negative'.

2. Nytten av kraftverket for samfunnet er svært liten. Forbruket av kraft i Noreg har stagnert gjennom lang tid og er truleg på veg ned. Eksporten har vore stor i mange år, prisane er lågare enn før og det er utsikter til at Norden vil fløyme over av kraft. Ingen ting av ny kraft går til reduksjon av CO₂-utsleppa her heime, og det er høgt usikkert om eksportert kraft dempar utsleppa i andre land. Noreg er i liten grad påverka av ”Europeisk miks av energiproduksjon”, som det er vist til på side 1 i søknaden. Difor er påstanden om at Trolleholselva kraftverk vil spare miljøet for 5700 tonn CO₂ eit teoretisk tal som ikkje er relevant for den konkrete søknaden.

Nokre framhevar elektrifisering på sokkelen og fleire elektriske bilar som gode klimatiltak. Alt tyder på at kraftmangel på ingen måte står i vegen for det som er eit realistisk omfang av slike tiltak, og så langt fram som det er rimeleg å ta omsyn til. Når det frå før er nok kraft til eit aktuelt eller mogeleg føremål, gjer ikkje meir kraft det lettare å realisere føremålet.

Meir generelt er eit tillegg på 8,5 GWh, og vel 60 prosent av dette i fem sommarmånader, ikkje noko som er til nytte for kraftforsyninga i ein overskotssituasjon.

3. Konklusjon.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går i mot å gje Småkraft konsesjon til Trolleholselva kraftverk. Vi meiner planen er i strid med vernereglane for Stølsheimen landskapsvernområde, i strid med rimelege omsyn ved ei viktig innfartsåre til det nasjonalt viktige turområdet i Stølsheimen og til liten eller ingen nytte for samfunnet.

Med helsing

Thorleif Jakobsen

- leiar -